


## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland

**Møtetid:** Fredag 22. februar 2019, kl 11:30 -14:30  
**Til stades:** Tord Moltumyr (Meland), Geir Lien(HB), Grete Herøy (Radøy), Nina Marie Kvamme (Osterøy), Peter Kubon (Austrheim), Petter Thornam (HDS), Heinz Diehl (Fedje), Kjerstin Fyllingen (HDS), Terese Folgerø (Lindås), Helga Ellingsen (Masfjorden), Liv Berit Haukås(Fagforbundet), Eva Karin Skorpen (NSF), Ingebjørg Søreide(Gulen), Randi-Luise Møgster(HB), Bente Orlen Westervik (Brukerutv. HB), Frøydis Gullbrå(Modalen), Grete Lill Hjartnes (SSE) og Anne Hildegunn Færøy (SSE)  
**Ikkje møtt:** Åse Nordstrønen(HDS), Per-Arne Mehren (Brukerutv. HDS)  
**Møteleiar:** Tord Moltumyr  
**Referent:** Anne Hildegunn Færøy  
**Stad:** Møterom Regionrådet Nordhordland

Nr	Saksliste
01/19	<p><b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>                      Innkalling og saksliste godkjent utan merknader                      Helse Bergen orienterte om at Grete Lill Hjartnes si deltaking i utvalet er knytt til ei styrking av SSE, og at ho deltek som SSE representant i møta, og ikkje som ei utviding av HB sin representasjon i utvalet.</p>
02/19	<p><b>Godkjenning av referat frå møte 7. desember 2018</b>                      Referat frå møte 7.desember 2018 godkjent utan merknader.                      Utvalet hadde spørsmål til status for to av sakene:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– sak 47/18 - felles Eldremedisinsk Spesialist Senter ved HDS, kommunal deltaking i gruppa som skal arbeida med konseptet; invitasjon vert sendt ut når partane er klar for oppstart.</li> <li>– Sak 59/18 - endring i tilbod om Mobilt rtg: Kjerstin Fyllingen orienterte at Helse Bergen og Haraldsplass går inn med midlar, og at vidare drift av tilbodet dermed er sikra.</li> </ul>
03/19	<p><b>Nye Alver kommune</b>                      Ørjan Raknes Forthun, rådmann i Lindås kommune orienterte om prosess og status for samanslåing av kommunane Lindås, Meland og Radøy, som etter 2020 vert Alver kommune.                      Den nye kommunen skal vere i drift frå 01.01.2020. Dette vil medføra nokre endringar i den strukturelle organiseringa av helse og omsorgstenestene. Sjukeheim, heimeteneste, helsestasjon, legekontor og andre tenester som har direkte kontakt inn mot brukaren vil i stor grad vere lokalisert slik det er i dag. Felles interkommunal legevakt og ØHD held fram som no, men med Alver kommune som vertskommune for tilbodet.                      Innkjøp og implementering av nytt, felles dokumentasjonssystem for pleie og omsorg har prioritet og må på plass før 01.01.2020. I samband med dette vil m.a. adressering i PLO meldingssystemet bli oppdatert.                      Kommunen vil sende nødvendig informasjon til samarbeidspartane, og involvere aktuelle interessentar/aktørar i dette arbeidet.                      Meir informasjon om den nye kommunen finn du på <a href="http://www.alverkommune.no">www.alverkommune.no</a>  <b>Vedtak:</b>                      SU NH takkar for gjennomgangen og tar den til orientering.</p>
04/19	<p><b>Handlingsplan for 2019</b>                      Gjennomgang av saksframlegg og utkast til Handlingsplan for 2019                      Utvalet sluttar seg til Handlingsplan for 2019 slik den føreligg.  <b>Vedtak:</b>                      Samarbeidsutvalet i Nordhordland sluttar seg til utkast til handlingsplan for 2019, og ber SSE saman med aktuelle partar sørge for oppfølging av handlingsplanen.</p>
05/19	<p><b>Avtalerevisjon - «Avtale om utlysing og tilsetting i kopla stillingar for LIS1»</b>                      Ny spesialistforskrift gjeldande frå 01.03.2017 har gjort det nødvendig å justera gjeldande avtale for samarbeid om kopla stillingar for LIS1, slik at den er i samsvar med ny forskrift. Ordninga med turnuslegar er avvikla, med unntak av aktuelle overgangstilfelle, og innlemma som første del av spesialistutdanninga for legar. Oppdateringa av særavtalen inneber ikkje vesentlege endringar i eit allereie etablert samarbeid.                      Det vart frå kommunane si side peika på at det må sikras likeverd i rekrutteringsprosessen. Viktig at det blir retta fokus på allmennlegetenesta i utveljing av kandidatar.  <b>Vedtak:</b>                      Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til avtalen slik den føreligg og vil tilrår at partane inngår oppdatert særavtale for samarbeid om kopla stillingar for LIS1. SU NH presisera at likeverd i rekrutteringsprosessen vert lagt til</p>

	grunn og at utveljinga av kandidatar også speglar kommunane sine behov for å rekruttere allmennlegar til kommunane.
06/19	<p><b>Samhandlingspilot - løypemelding</b></p> <p>Utvalet fekk ei kort orientering om status for arbeidet med samhandlingspiloten. Det er gjennom seminar, intervju og innspel frå partane identifisert eit utfordringsbilde som kan danne grunnlag for meir konkrete grep i ein felles utviklingsplan.</p> <p><b>Vedtak:</b> SU NH takkar for orienteringa og ber medlemmene melde tilbake til SSE dersom dei ser vesentlege manglar i utfordringsbilde som er presentert i vedlagt PP.</p>
07/19	<p><b>Lege til lege samarbeid</b></p> <p>Terese Følgerø, kommunane i NH sin representant i Medisinsk fagleg utval(MFU) gav ei statusoppdatering frå utvalet sitt arbeid med saka. Utkast til mandat for arbeidet er utarbeidd og lagt fram til handsaming i samarbeidsutvala. SU NH ber om at tredje setning i første avsnitt vert endra til; <i>Helsehjelpen ytes på beste effektive omsorgsnivå(BEON)</i>, og at fjerde setning; <i>Pasienter som allmennlegetjenesten kan yte forsvarlig og tilstrekkelig helsehjelp til, skal behandles i kommunen, mens henviste pasienter tilbakeføres til kommunen når de er avklart og nødvendig behandling i spesialisthelsetjenesten er gjennomført</i> blir tatt ut av mandatet. SU NH vil foreslå at PKOar i arbeidsgruppa også får i oppdrag å ivareta fastlegene sine interesser i dette arbeidet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til MFU sitt forslag til mandat for arbeidet med retningsliner for lege til legesamarbeidet mellom kommune- og spesialisthelsetenesta, med merknad til,;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• tredje setning, første avsnitt: <i>Helsehjelpen ytes på beste effektive omsorgsnivå(BEON)</i></li> <li>• fjerde setning; <i>Pasienter som allmennlegetjenesten kan yte forsvarlig og tilstrekkelig helsehjelp til, skal behandles i kommunen, mens henviste pasienter tilbakeføres til kommunen når de er avklart og nødvendig behandling i spesialisthelsetjenesten er gjennomført</i> blir tatt ut av mandatet.</li> <li>• PKO også kan representere fastlegeperspektivet i sitt arbeid</li> </ul>
08/19	<p><b>Toppleiarmøtet 2019</b></p> <p>Regionrådet i Nordhordland har meldt tilbake at dei i stor grad var nøgd med årets toppleiarmøte, med har meldt tilbake:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Altfor lite tid til dialog og innspel frå kommunane</li> <li>• Ikkje så tett program –meir tid til «mingling»</li> <li>• Toppleiarmøtet er ikkje meint til å vera eit forum der ein går djupt inn i det faglege, derfor bør lista hevast</li> <li>• Korleis utøva DIALOG og SAMHANDLING i tidleg fase bør vera tema neste år</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> SU NH sluttar seg til innspela frå Regionrådet.</p>
09/19	<p><b>Felles nettside - saman.no over på ny plattform?</b></p> <p>Det var semje om at det er behov for få felles nettside over på ny plattform med eit meir tidsriktig publiseringsverktøy. Utvalet støttar forslaget om å nytta Helse Norge-plattform. Det er ein føresetnad at det er likeverd mellom partnarane i bruken av det nye tilbodet. Det er viktig av SSE held fram som redaktørar for nettsida, og at ein vidarefører brukern av domenenamnet <a href="http://www.saman.no">www.saman.no</a>. Det vart meldt at private-/ideelle institusjonar i føretaksområdet ønskjer å bli ein del av denne nettsida. Dette vil medføra at kostnadene vert fordelt på fleir aktørar. Ansvar for gjennomføringa og dei økonomiske sidene ved arbeidet vert lagt til seksjon samhandling i Helse Bergen.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til igangsetting av arbeidet med å utvikla ny nettside, at den vert etablert på Felles nettløysning for spesialisthelsetenesta innan utgangen av 2019 og at SSE får det redaksjonelle ansvaret. Kostnader til etablering vert fordelt etter gjeldande fordelingsnøkkel for saman.no</p>
10/19	<p><b>Livets siste dagar</b></p> <p>Merethe Meland, kreftsjukepleiar i Meland og Grethe Skorpen Iversen, nettverkskoordinator ved Kompetansesenteret i lindrande behandling, Helseregion Vest orientering om prosjekt i Meland kommune orienterte om <b>Livets siste dagar</b> og plan for lindring i livets slutfase, ein metode som vert nytta ved kommunale sjukeheimar, heimesjukepleie og ved HDS og HUS.</p> <p></p> <p>SU_Livets siste dagar.pptx</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutalet for NH takkar for orienteringa.</p>

11/19	<p><b>Revisjon - pasientløp for voksne med sjukeleg overvekt.</b> Helse Bergen gav ei kort orientering om pågåande forbetningsprosjekt for voksne med sjukeleg overvekt og invitasjon til kommunane om å delta i arbeidet. Kommunane melde tilbake at dette er eit viktig tema, men at dei har mange oppgåver og utfordringar som skal prioriterast og som ein ønskjer å arbeide meir med, også i samarbeid med sjukehusa.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland tek saka til orientering, og vil ikkje utpeika representantar frå kommunane i utvalsområde til dette arbeidet.</p>
12/19	<p><b>Orientering frå partane</b> <u>Haraldsplass Diakonale Sjukehus:</u> <b>Innflytting i nytt sjukehus</b> - innflyttinga har gått fint. Det har vore stor vekst i ØH-innleggingar. Dei siste 4 – 5 åra har det vore om lag 25 % auke i pas. &gt; 80 år. Dette har ført til behov for å auke bemanninga i avdelinga. Samtidig som dette skjer tar sjukehuset i bruk nye elektroniske verktøy og måtar å arbeida på. Så langt ser ein at den største gevinsten knytt til IKT løysingane er betra logistikk internt i sjukehuset.</p> <p><u>Helse Bergen(HB):</u> <b>Elektroniske epikriser til heimesjukepleie</b> – intern arbeidsgruppe i HB vil ha dialog med kommunane for å få dette til. Dei vil m.a. sende ut skriv til kommunane for å få innspel på kva og korleis kommunen vil motta elektroniske epikrisar, og dei treng ei oversikt over kven som skal stå som mottakar av epikrisa og til kva adresse den skal sendast. Frå kommunane vert det presisert at denne informasjonen/spørsmåla må <b>sendast til postmottak i kommunane</b> med melding om at den må vidaresendas til kommuneoverlege og kommunalsjef for helse og omsorg.</p> <p><b>Prosjekt strukturert utskrivingsamtale</b> - dette er eit prosjekt retta mot utskrivning av pasientar og for å få overgangane best mogeleg. I første omgang arbeider med dette internt i Helse Bergen. Det vert meldt at saka vil bli nærare presentert i neste SU runde.</p> <p>Det vart frå kommunalt hald peika på at kommunane er ulike, både i størrelse og tenestetilbod, og viser til at det er viktig at det ikkje vert skapa forventningar til tilbod og tenester som kommunane ikkje kan gje.</p> <p><b>Kompetanseprosjektet mellom Bergen kommune, HDS og HB</b> – kompetanseløft og kursing av pleiepersonell i Bergen kommune. Det vert utarbeidd ein rapport frå dette arbeidet som kan være til inspirasjon for andre.</p> <p><u>Kommunane:</u> <b>Helsehuset</b> - igangsettingsløyve for betongarbeide er på plass. Prosjektet er i rute. <b>Velferdsteknologiprojektet i NH</b> - vert utvida til Vestlandsprosjektet, der fleire kommunar i Hordaland har inngått avtalet om å delta i dette prosjektet. Utvalet ønskjer å få meir orientering om prosjektet med særleg vekt på praktisk bruk av teknologien i neste SU-møte</p>
13/19	<p><b>Referat frå råd og underutval.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Medisinsk fagleg utval(MFU): Utvalet hadde ingen merknader til referat frå MFU-møte 28.11.2018</li> <li>– Distriktpsikiatrisk Råd for Nordhordland: Referat ikkje klart til utsending til dette utvalsmøte. Blir sendt ut til neste møte i SU NH.</li> <li>– Underutval for akuttmedisinsk beredskap i NH(UFABNH): Referat ikkje klart til utsending til dette utvalsmøte. Blir sendt ut til neste møte i SU NH.</li> </ul>
14/19	<p><b>Eventuelt</b> Ingen saker meldt.</p>